



Årebлад

NR 2 2012 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 19. ÅRGANG



Tysnes Rundt – sommerens glemte eventyr? Les mer på side 6

Leder	2	Gurine	13
Tusen takk til Sveio for hyggelig		Indre Sogn og Austevoll	14
Hordakysttreff	3	Dorrysoge, 2.bolkjen	15
Vert kjende gjennom å ro i lag	4	Nordisk kystkulturstevne	
Kortreist ferietips	5	i Ebeltoft 2012	16
Tysnes Rundt	6	Torgdagen 2013	17
Båten til ”Anne Knutsdotter”	9	Hordakyststemnet 2013	18
Storøyen. Beiterydding og		Kvinnherrad kyst- og	
kulturlandskap	10	litteratursenter	19
Om freden som senker seg..	12	Adresseliste	20

Berre gjer da!

Eg må sei at eg vart verkelig rørt tidlegare i veka då eit innlegg til dette Årebladet dumpa inn i postkassen. Var ikkje forberedt på innhaldet, så stor var mi overrasking då eg byrja lese. Det var Evy frå Keipane kystlag som hadde skrive om draumen sin, denne draumen som hadde gått i oppfyllelse.

Ho berre gjorde det! Nett slik det som det vert sagt når han der kjendisen på fjernsynet vil ha oss til å bevega oss meir.

Og kva var draumen? Jau, å ro rundt ei større øy i Nordhordland. Og så i løpet av nokre dagar i sumar så gjorde ho nett det. Forteljinga står å lese her i Årebladet. Eg håpar det kan inspirera fleire til roturar til sumaren!

Det er mange heile kystlag som også "berre gjer det".

Årsmøte 2013 i Hordaland Fylkeskystlag!

Styret i fylkeskystlaget har glede av å ynske alle velkomne til årsmøte i HFLK den 16. februar 2013 i Kvinnherad.

Kvinnherad Kulturfestival går av stabelen denne helga på Husnes & Sunde, og me har valgt i samarbeid med Kvinnherad kystlag å legge årsmøte til laurdagen.

På Sunde Litteratur og Kystkultursenter skal det bl.a. vere forfattartreff hvor Jon Michelet er blant dei som skal

Fjell kystlag til dømes, overtok eit gamalt naust som dei skulle flytta og setje opp igjen ved basen deira på CCB. Det viste seg at naustet var nokså mit-eten, og fortilelsen og nederlaget kunne ha sett inn. Men kva gjorde dei då? Jau, dei sette opp eit heilt nytt to-etasjes naust. Dei berre gjorde det! Kystlaget i Hordaland kan nok sjå fram til å fara på gjestebud eller kurs der ein gong. Noko å sjå fram til!

Slik kan ein fortsette å liste opp bragder frå lokallaga i Hordaland. Det er ikkje få dugnadstimar som vert lagt ned. Felleskapet, det å få til noko i saman, drøsen over kaffikoppen, det er det som fellesnevnen i dei fleste laga. Og så likar me så uendeleg godt å treffast - same kor i Hordaland! Til sumaren 2013 på Hordakysttemne i Hardanger. Les meir om det her i bladet.

Det frivilljuge arbeidet og fellesskapet går som ein leik når alt "går på skinner". Motgang derimot vert ikkje like lett. Ikkje når det nettopp er friviljug kanhende. Eit kystlag i Hordaland må kanhende på flyttefot, eit anna slit med å få medlemmer med på aktivitetar og så bortetter.

Kanskje det er då ein skal sitja seg ned og drøyme nye draumar? Draumar kan verta til verkelegheit. Det fekk ho Evy frå Keipane kystlag oppleva i sumar. Kva Olav H. Hauge hadde i tankane når han skreiv "draumediktet" sitt er ikkje godt å vite, men draumar er gratis og kystlag kan også få oppleve at dei "ei morgenstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst um". Så "berre gjer da"!

Ynskjer alle ei fin førjulstid!

Helsing Ingunn Vardøy
leiar Hordaland Fylkeskystlag



Sunde sett fra bruia.

halde innlegg. Me har også invitert studiekonsulent Tore Friis-Olsen frå Forbundet Kysten. Tore skal helde eit innlegg om det aktuelle tema "Frivillighet som forutsetning for levende immateriell kulturarv". UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv blir og eit tema.

Sjølve årsmøtet vil også vere på Litteratur og Kystkultursenteret.

Følg med på vår facebook-side og via informasjon som vert sendt lokallagsleiarar etter kvart som det nærmar seg!

Alle lokallagsmedlemmer er hjarteleg velkomne til Kvinnherad denne helga!

Tusen takk til Sveio kystlag for eit hyggeleg Hordakysttreff!

Helga 29. juni til 1. juli var me samla til treff på Liereid i Sveio. Ikkje så langt fra Valevåg i Førdespollen. Ein lun poll ved Bømlafjorden. Tilsaman var det representantar frå omlag 7-8 kystlag samla denne helga.

For dei som kom landevegen var det mogeleg å tinga seg seng i komfortable hytter med gode senger og dyner i nærleiken av Liereid.

Kystlaget hadde forbudd seg godt. Partytelt var rigga på kaien, og her var det framifrå traktement frå morgen til kveld. I kvalfangarkommunen Sveio kjem ein ikkje utanom ein god kvalbiff, og kystlaget slo til med dette på menyen laurdagskvelden. Med tilbehør av flunkande fersk grønerterpurè og nypoteter



Båtar på Hordakysttreffet ved kaien på Liereid.
Foto: Ingunn Vardøy.



Leiar i Sveio kystlag Terje Lier styrer Nyfalken trygt tilbake til Liereid etter turen til Auklandshamn. Skøyta var opprinnelig bygd på det nedlagte båtbyggeriet på Liereid. Med i styrehuset er også Liv Bjerknes frå Bergen kystlag. Foto: Ingunn Vardøy.

var dette eit måltid me vil huska lenge. Før den fine middagen hadde me vore på tur til Auklandshan med M/S "Nyfalken" - skøyta til Sveio kystlag. Her var det mange som kunne mimra om det store Hordakyststemnet som var der på nitti-talet.

Ein tur oppom Kystentunet, basen til kystlaget høyrd med. Den gamle barneskulen som kystlaget overtok frå kommunen og pussa opp, husar no både kontor, kurslokale, kjøken, feststove og museum. Sveio kystlag har i tillegg vore både på skogen etter tømmer og på saga, og sjølve bygd opp to hus med plass til båtar, og planlegg å få til enda eit bygg som skal verte motormuseum.

For motorar har kystlaget mange av - i dag er dei plassert i eit lite uthus-bygg som tidlegare var sløydsal. Her vert dei også rehabiliteret til fordoms prakt. Før me reiste frå Kysten-tunet vart me servert kaffi og nysteikte pannekaker med syltetøy. Nam-nam!

Eit besøk hjå Sveio kystlag vert alltid forbunde med kulinariske flotte opplevingar! Me kjem gjerne tilbake! Tusen takk for oss for denne gongen!



Med helsing Ingunn Vardøy,
Hordaland Fylkeskystlag

Vert kjende gjennom å ro i lag

Ein del elevane som tok til i første klasse på Øystese gymnas i august, vart ekstra godt kjende ved å ro i lag. For at elevane skal verta godt samansveisa, har dei eit par dagar med felles aktivitetar i løpet av dei fyrtre vekene.

Avdelingsleiar Samson Håland ved Øystese gymnas fortel at opplegget med å ro frå Norheimsund til Kvamsøy ein dag, overnatta på øya, og ro attende neste dag var eit nytt opplegg i haust. Båtane vart også brukte til fiske og annan aktivitet medan dei var på øya.

- Skulen har ein del utalandske elevar. Samarbeid på tvers av lande- og språkgrenser fungerer svært godt i ein robåt. I ein båt var det elevar frå Russland, Kongo, Cuba, Thailand og Noreg. Dei hadde ikkje nok felles språk, men dei fann ut av rotteknikken ved hjelp av prøving og feiling og kroppsspråk, fortel Håland som satsar på å bruka robåtane også ved andre høve.

Om lag 30 elevar var med og rodde. Ein del var ikkje nøgde med ein tur, men var med både fram og tilbake.

Øystese gymnas har også nytta båtane ved fartøyvernenteret som «bli kjent»- aktivitet tidlegare då dei for nokre år sidan samla utalandske volontørar til aktivitetar.

- Roing er eintydig pedagogikk og lagarbeid. Elevane oppdagar det med ein gong når roinga tek



Det er kjekt å ro i lag. Her er det utalandske volontørar, stort sett frå vidaregåande skular i Hordaland, som er på samling ved Hardanger fartøyvernenter. I bakgrunnen færing og åttæringer, medan fotografen er i seksæringen. Foto: Hardanger fartøyvernenter



Elevane kjem i takt og vert kjende når dei ror i lag eit par timar frå Norheimsund til Kvamsøy i Hardangerfjorden. Foto: Gro Mari Liland, Øystese gymnas

til å fungera og dei kejm inn i rytmien. Då treng dei ikkje språk. Gleda over å få det til og kjenn at båten skyt fart er alltid like stor, seier Oddvar Soldal, formidlingsleiar ved fartøyvernenteret.

Ei anna viktig gruppe som brukar robåtane er barnehagane i Norheimsund. Borna kan gå til fartøyvernenteret og brukar båtane for å koma ut til Sandvenholmen, nokre hundre meter ut i sundet.

For grupper av alle slag som vil brukar robåtar, er det ein stor

fordel at fartøyvern-senteret har fire båtar av ulik storleik som dei leiger ut. Det er:

Hardangerfæringen som kan ta fire vaksne.

Kystledsbåten har litt større lastekapasitet og kan ta fem vaksne.

Seksæringen er Hardanger kystlei sin båt og har plass til åtte. Det er ein romsleg båt for ein familie som vil ha ein lengre tur, gjerne over fleire dagar.

Åttæringen vart bygd for å markera tusenårsskiftet og kan ta ti vaksne.

Har de lyst å vita meir, leit fram på www.fartoyvern.no

Tips om “Kortreist ferie”

Gjennom medlemskapet ditt i eit kystlag har du som oftast tilgang til robåt. Den ligg der og duppar opp og ned i takt med sjøen og berre ventar på å verta teken i bruk. Noko finare oppleving her på Vestlandet enn å vera tett på i landskapet skal du leita lenge og langt etter. Evy fra Keipane kystlag på Radøy fortel her frå hennar eigen rotur i sumar:

I dagens samfunn når me endeleg har vorten så opp-teken av alt me skal eta, er det artig for meg som leiar i Keipane kystlag å få fortelje dykk litt frå turen min som eg vil kalle “Kortreist ferie”. Ikkje berre kortreist, men også heilt gratis. Ja, også helsebringande.

Eg hadde i nokre år gått og tenkt på å legge i veg rundt Meland i robåt. Men hadde ikkje fått nokon til å vera med meg. Været har heller ikkje vore på mi side. Men så plutseleg kom det ein dag i byrjinga av august med finvær og lett solgangsbris i frå nordvest.

I dag eller aldri tenkte eg og sette ut frå Sæbøvågen i gamle Hellemann-båten vår. Ein strandebarmar. Kursen var Radøy rundt. Nådde straumen i Bogno og heldt fin fart gjennom den. Fekk jobba litt over Mangerfjorden med frisk solgangsbris frå nordvest.

Godt var det då eg kom i le av Toskalndet, fint å ro der innimellom Mangerholmane og under bruhaugen ved Manger øy. Heldigvis rett straumen der også. Så bar det nordover mot Byrkjeland, fint å sjå det landet frå sjøen. Mange flotte



sandboxkar og flott for fridykkarar vil eg tru. Rodde like til Kvalheim der eg gjekk i land, og var så heldig å få skyss heim og middag også undervegs.

Målet var å ro rundt øya, ikkje å ligga i telt. Båten fekk liggja i ro ved flytebrygga til neste dag. Dag nummer to starta eg i nittida på formiddagen. Rodde i eit sipa regnver, men heldigvis var det ganske vindstille. Var litt usikker på straumen under Marøybrua, men hadde flaks her også. Medstraum. For i ein susande fart, og hadde meir enn nok med å styra.

På den andre sida av bruhaugen, innimellom Bøvågen er det eit eldorado av holmar og badeviker. Alldeles nydeleg, så her burde ein hatt fint vær, god tid og badetøy med. Men eg hastar litt på, rodde feil innimellom holmane, måtte nå neste straum.

Då eg runda Radøy og Rossnes kom sola fram og det var godt å ta av sydvesten. Havblikk mot Fedje, men eg var verken skodd eller kledd til å ro ut dit. Måtte verte ein annan gong. No måtte eg nå Fosenstraumen. Men trur du ikkje at nett før eg nærma meg bruhaugen så snudde straumen, rett og slett fossefall vart det. Nei, det var ikkje noko anna å gjera enn å setje seg under brufeste og håpe på haik. Det gjekk ikkje lenge før det kom to kjekke karar i båt frå Skjelsvik, og så freidig som eg er spurte eg om drahjelp gjennom straumen. Dette synes det var så artig at dei ville ringa heim til kåno og be ho sette på litt fleire

pote så kunne eg vere med heim på middag. Å ja, det fins mange kjekke folk langs Radøy.

Så bar turen vidare mot Sletta og gjennom grunnesunde til Feste. Der steig eg på land og fekk kjøpa meg middag og ein cider. Og det smakte himmelsk. Feste er ein fin stad å stoppe på veg nordover, mykje båtaktivitet der om sumaren. Så etter ein times pause bar det vidare i Hellemann-båten sørover mot Alverstraumen. Uff, dette er ein lang seig tarm. Hadde avtalt med mannen min om å verta henta der. Båten vart godt fortøyd til neste dag.

Og no var eg sliten, hadde rodd i 10 timer. Hadde ikkje ei blemme i hendene, men var godt sår bak. Får takka sykkelhanskane for blemmefrie hender.

Neste dag og siste etappe starta litt ut på dagen, måtte vente til rett straumen. Alverstraumen er litt artig slik, den flør og fjørar i både retningar. På grunn av at den er så lang, trang og grunn kanskje?

Fekk fin fart til under bruhaugen, men der møtte eg på fjøra som kom inn i mot meg. I tillegg bles det frisk frø sør. Fekk verkeleg prøva krefter, det var så vidt eg rikka meg på framover. Men då eg runda Radøy på sør fekk eg god bør og vind heilt i Sæbøvågen. Der var der nok ingen velkomstkomité med sjampis. Men godt var det å ha gjennomført turen. Og ja, eg gjer det gjerne oppatt, men då helst med litt selskap ombord. Totalt bruket eg 17 rotimar på heile roturen”

Helsing Evy B. Dame, Keipane kystlag

Tysnes Rundt – det «glemte» sommereventyret?

Av Vidar-Rune Synnevåg

Det er den 6.juli 2012, 16 robåter samler seg til start på Årbakka på østsiden av Tysnes. Arrangøren Tysnes Kystlag registrerte en nedgang på to båter i forhold til året før. Tanker melder seg: er dette begynnelsen til slutten på en 17 år lang suksess? Ingen arrangement varer evig og kanskje har vi nådd metningspunktet?

Været fredagskvelden er vakkert, en stille solblank fjord venter roerne. Starten går kl. 1830 som vanlig, det uvanlige er at helgen er skjøvet fram fra tredje til første helg i juli. Dette ble gjort i et forsøk på å finne en helg som passer for flere. Vi ror innom holmene på vei mot Vattedal. Over Onarheimsfjorden på vei mot Seløysundet og får vi litt skvalpesjø på skrå fra nordøst, nesten de eneste krusningene vi møtte på turen bortsett fra bølgene fra en og annen motorbåt.

I Seløysundet, etter å ha rodd i en og en halv time, har vi en pause for å spise og drikke. Båtene er godt samlet, ingen henger etter, det kan tyde på at farten har vært riktig og at vi har vante roere med oss. Vi prøver å ro i ca. 2.5 knop (en knop er 1,82 km i timen), det er en turfart som kan passe selv litt uvante roere. Sjøen har roet seg helt og fjorden er blank når vi legger i vei på dagens siste etappe inn til Flakkavågen.

Disse fredagskveldene forbi holmer og skjer og gjennom



trange idylliske sund med kveldssolen hengene rett i mot, er noen uforglemmelige stunder. Denne kvelden er intet unntak i så måte.

Flakkavågen møter oss med åpen butikk og Kystlaget sin betasuppe. Her skal ingen trenge å gå sulten i soveposen. Grendahuset holder også åpent for de som vil ha ordentlig tak over hodet. Med bare 16 båter og rundt 40 deltakere blir det dessverre liten handel for butikken. Det var andre tider rundt toppåret 2000, da var vi 69 båter med stort og smått og ca. 240 deltakere. Kopien av tiæringen til Baronen i Rosendal var med, tolværingen fra Egersund med våre trofaste venner som kom igjen år etter år, der var flere åttæringar, seksæringar, selvsagt flest færinger, og et par æringer. I årene som fulgte lå tallet på båter mellom 45 og 60. Kystlaget tenkte ikke på å reklamere for turen, vi hadde nok med å ta oss av turen slik det var.

Nedturen kom etter at vi for tre år siden måtte avlyse på

grunn av kraftig vind og grov sjø. En del av forklaringen kan være at mange hadde nådd målet sitt med å ro ti ganger for å få tiårsblanketten. Det kommer til et metningspunkt for de fleste etter mange noko turer. Skal arrangementet holde fram må vi nå stadig nye deltakere. Årets løft i så måte var tre båter med ungdommer som trivdes og lovte å komme igjen neste år og ta med seg flere!

Lørdag morgen møter oss med skyet oppholdsvær. Vekking klokken seks, vi må tidlig avgårde for å være trygg på å nå Bårdssundet og være ferdig med Langenuen før en eventuell solgangsbris møter oss med motvind og sjø. Før halv åtte er alle båtene samlet midt ute i Flakkavågen klar for å prise vår vakre natur. Tradisjonen tro samler båtene seg mellom bakker og berg, og i en vakker natur synger vi fem vers av «Mellom bakker og berg» eller «Nordmannen» som sangen egentlig heter. Og lover at vi skal lære alle versene til neste år.

Roingen starter presis halv åtte, og nå møter oss en sølvblank sjø som speiler landskapet så en kan lure på hva som er opp og ned om en ikke satt i en robåt. Idyllen ut gjennom sundet mellom Skorpo og Tysnesøy en slik morgen må oppleves. Det er da en forstår at ingen som ikke har opplevd Tysnes fra sjøen har en anelse om hvor vakker øya egentlig er. Spesielt i en robåt i dorgefart.

Vi når Hodnaneset etter en time som vi pleier, selv om vi dette året hadde litt strøm i mot oss. Strømmen i Skorposundet kan være stri i den smaleste delen ved broen. Oftest har vi hatt ganske sterke medstrøm her.

Like forbi neset der vi kan se opp Nuen mot Neshavn, vårt neste mål, tar vi en liten pause for påfyll av vatn, ta av noen klær etter at vi har fått varmen i oss, smøring med høy solfaktor, eller et besøk på dobbåten. Vi har følgebåt med oss hele veien, den ligger sist i feltet, passer på at alle har det bra og tilbyr altså en enkel løsning for de trengende. I verste fall vil den assistere oss med slep om motvind og sjø skulle bli for slitsom. Den eneste gangen det har hendt var i 2003. Da hadde vi en stri tørn fra Hodnaneset, hvor vi nå ligger, og opp til Neshavn, ca. 1 ½ time. Mange var ganske slitne, og vi hadde like lang vei igjen opp til Bårdssundet før vi kom i smulere farvatn. Da var tiden inne til å la følgebåten hjelpe oss. Fire båter valgte å ro, det står det respekt av, men det er viktig å understreke at turen er lagt opp slik at flest mulig skal kunne delta. Likevel må vi vel erkjenne at åtte timers effektiv

roing på lørdagen, med to lange og flere korte pauser, helst er for litt vante roere og ikke som den første roturen du gir deg i kast med. Mange velger å ha med en ekstra person i båten for dermed å kunne bytte på roingen, da kan de som er mest vant eller sterkest, også ro mest. Men det betyr også at en får mere last og tyngre båt å ro.

Denne dagen ligger fjorden som et speil, helt stille, ikke et vindpust; og vi har strømmen med oss som vi pleier å ha opp Nuen. Turen går som en drøm og vi er i Neshavn kvart på ti, et kvarter før ruten. Vi har møtt noen regndråper underveis, men når vi ankommer Neshavn er det opplett. Vi kan ta av regnklærne og gå i land.

Grendalaget i Neshavn stiller opp med tilbud om vafler, te, kaffe og brus, og attpå til pølser, hotdogs og hamburgere. Vi skal i alle fall ikke reise sultne herfra! Stor takk til folket i Neshavn som stiller opp for oss. Vi kan bare beklage at antallet roere og dermed omsetningen er

dalende, men vi lover at vi skal prøve komme sterkere tilbake!

Videre opp Nuen går som den første delen, men nå uten regndråpene. Vi når Marøya i Bårdssundet etter to og en halv times roing, helt etter planen. Marøya er en privat, men ubebodd øy som vi er heldige å få låne. Her blir vi en time og i tillegg til egen medbrakt mat blir tilbuddt fiskesuppe som Kystlaget står for. Turen herfra har i alle år gått til Våge som er senteret på Tysnes. Dette året har Kystlaget valgt å la de som ønsker det ro inn til Våge for å handle, kjøpe seg middag, e.l., og la resten ro direkte til Solstråleøen, som er dagens mål og stedet for overnatting og sosialt samvær om kvelden. Her det muligheter for overnatting i både hus og naust ved siden av telting. Denne øya ligger i Godøysundet midt på nordsiden av Tysnes. Området rundt her består av et mylder av skogvokste øyer, holmer, trange sund og idylliske viker. Ideelt for roing og padling.



Solstråleøen har en egen historie som det blir for langt å komme inn på her. Det må bare nevnes at det var en engelskmann som eide den fra 1888 til 1906. Han bygget et tre-slott og anla en park på øya. I 1906 etter å ha flyttet tilbake til England, gav han øya til Kronprins Olav. Treslottet ble seinere revet og kronprins Olav bygget en hytte og et naust til seilbåten sin i 1930. Hytten er seinere revet og flyttet og kong Harald gav øya til Tysnes kommune og Bergen og Omland Friluftsråd i 1992. Men parken med sine stier og veier som engelskmannen anla, har sovet sin Tornerosesøvn og er nå i ferd med å våkne som noe av det mest spesielle og vakre stedet på hele vestlandet. Midt inne på den halvannen kilometer lange øya finnes Norges vakreste naturlige utendørsamfi. Det er som en katedral med søyler av lønne- og bøketrær som med sine kroner femten meter over bakken danner en himling av løv.

Denne vakre øya har vært hovedstopp på turen hvert år, og bortsett fra første året og inntil i år, har det vært opphold og oftest sol. Fjorten år med sol eller oppholdsvær på samme dagen i midten av juli på vestlandet, er en sjeldent tradisjon. Men denne gangen fikk vi altså noen regndråper utover kvelden som gjorde at det sosiale samværet foregikk i naustet i stedet for rundt bålet på kaien.

Søndag morgen oppratt med sol og fortsatt en speilblank sjø. Denne dagen har vi bedre tid og purringen er utsatt til klokken åtte med avgang klokken ni. Vi har fem timers

effektiv roing foran oss med en god pause i Stussvik i sørenden av Lukksundet. Nå kommer et av turens høydepunkter. Dagens etappe begynner med at vi ror tilbake et lite stykke for å komme til åpningen inn til Småsund. Dette er et langt, smalt og grunt sund hvor vi må ro en og en båt. Trærne på sidene vokser helt ned i sjøkanten og henger utover sundet. Det er trolsk og idyllisk på samme tid. Et det lavvann kan det på det grunneste være vanskelig for de største båtene å komme over. Det har hendt at roerne har måttet hoppe uti og løfte båten over.

Denne morgenen er det lavvann, men vi har ingen større båt med i år og alle kommer greit igjennom. Vi ror videre innom øyene utenfor Lunde og gjennom Koløysundet før vi kommer ut i Bjørnefjorden. Her møter vi litt skvalpesjø og en lett bris som ikke helt kan bestemme seg hvor den vil hen. Etter en liten pause i bukten utenfor Malkenes kai ror vi videre mot Lukksundet. Vi er alltid spent på strømforholdene her fordi den kan være ganske strid, og vi har ennå ikke opplevd medstrøm selv om kjentfolk sier at strømmen skifter hver annen time. Vi er som sagt vant med motstrøm, men dette året får vi virkelig prøvd oss. Det er den sterkeste strømmen vi så langt har opplevd. At vi hadde en motstrøm på 3-4 knop rundt nesene på det smaleste er ganske sikkert. Men vi red han av og kom til Stussvik i god tid. Stussvik ligger på fastlandssiden og er altså eneste stoppen som ikke er på Tysnesøy. Vi har en siste pause her for å samle krefter til etappen på en drøy time

tilbake til utgangspunktet på Årbakka. Vi har nå en lett bris i ryggen og strømmen merker vi ikke så mye til her som sundet er mye breiere. Været er vakker, lettskyet oppholdsvar, bedre kan det ikke bli, steikende sol kan det fort bli i meste laget på sjøen. Vi ankommer Årbakka en halv time før annonseret tid og velkomstkomiteen er ikke helt på plass ennå, etter en liten anmodning vedrørende at vi faktisk har rodd Tysnes rundt, får vi den applausen vi fortjener og ellers uoppfordret bruker å få. Noen av båtene har stoppet på Lunde fordi det var deres utgangspunkt for turen, vi er derfor bare ti båter som kommer tilbake til start. Det er klart at inntrykket og applausen er annerledes nå 40-50 båter stevner mot land.

Ikke desto mindre: Vi som rodde Tysnes Rundt i 2012 har hatt et eventyr av en tur, blitt en mer sammensveist gruppe og bedre kjent med flere av deltakerne enn når det er flere med. Likevel: til neste år unner vi flere å få oppleve sommerens vakreste eventyr, og Kystlaget vil legge seg i selen for at flere skal bli oppmerksom på dette «glemte» sommereventyret! Dette er det første spede forsøk i så måte - og neste år går turen den siste helgen i juni måned! Merk deg datoene med en gang.

Vel møtt!
Hilsen Tysnes Kystlag



Robåten til "Anne Knutsdotter"

Det er litt av eit klenodium
Tysnes Kystlag har i samlinga si på Årbakka. Den rundt 160 år gamle færingen var opphavelig eigmend av Knut Nilsen, far til ho som skal ha vore modell til Claus Pavels Riis si folkevise "Anne Knutsdotter". I det verkelege liv heitte ho Herborg, og var sju år under folketeljinga i 1865.

Båten var bygd på Hatlestrand under det som vart kalla Likhilleren. Båten har truleg blitt brukt til både kyrkjebåt og heimafiske av jenta og resten av familien på "Uren Luren".

Kristoffer Samson Watterdal kjøpte færingen på dødsbuauksjon etter Knut på Heio ein gong før århundreskiftet, han var far til "Anne Knutsdotter".

Oselvarbyggjar Harald Dalland stadfestar alderen på færingen, mellom anna ved at roene i saumen er firkanta. Rundt århundreskiftet overtok runde kjøpe-roer. – Han er spesiell i botnen, litt flat. Det vanlege var tre bord totalt den gongen, men denne har fire. Båten er ikkje spesielt forseggjort, og ber preg av å ha blitt tinga av ein som ikkje har hatt for mykje pengar. Det har vore ein billeg bruksbåt. Det passar inn med eigaren, som var husmann.



Båten er truleg frå rundt 1850, men kan vera litt eldre, og har vore rigga med sprisegl. Det er ikkje merke etter råsegl-rigg i båten. Denne gjekk stort sett ut på våre kantar på midten av 1800-talet, seier Harald Dalland. Han meiner færingen ikkje har spesielle tidstypiske trekk, men representerer ein sort som har vore vanleg fram til i dag. Eit av trekka som viser at båten har vore billeg, er at kjølborda er spikra, i staden for å vera klinka. Dette er ein lett vindt,

men simpel byggjemetode.

– Det spesielle med båten er mannen som har eigmend han, meiner Dalland.

Det gamle klenodiet ber preg av mange års bruk, men er i forholdsvis bra stand, og vart prøverodd av kystlaget, før den vart frakta til kystlaget sine lokale på den gamle handelsstaden på Årbakka for nokre år sidan. Der vil båteigaren som i dag er Sverre Watterdal la kystlaget ha færingen utstilt for publikum.

Storøyen. Beiterydding og kulturlandskap.

De siste årene har medlemmer i Bergen Kystlag hatt et økende behov for meningsfulle prosjekter utenfor kystsenteret i Sandviken. Storøyen i Eidsvågen utviklet seg til et godt alternativ i en periode hvor kystlagets aktiviteter ble mer og mer hindret i Sandviken.

Storøyen, i sin tid Åsanes minste gård og eneste øy i Byfjorden innen Bergens grenser, har siden driften opphørte på 1950 tallet grodd helt igjen. Storvokst blandingsskog med tett undervegetasjon av kratt gjorde at det knapt var mulig å bevege seg på øyen. Bebyggelsen på øyen består av et naust, et våningshus, et verkstedshus og to store sammenbygde båthaller. Etter et par turer og befaringer på øyen fant vi ut at dette var en øy med et i mange hensender stort potensiale. Øyen eies av Bergen Kommune med disponeres av Bergen og Omland Friluftsråd.

Det viste seg at Åsane Seilforening tilfeldigvis også var oppmerksom på øyen og ville starte opp virksomheten der. Vi fant ganske raskt ut at de to foreningene ikke hadde konkurrerende men komplimenterende interesser, og vi bestemte oss for å trekke BOF med i et samarbeide om utvikling av øyen.

Bergen kystlag så klart at skulle øyen brukes som friluftsområde var det først og fremst nødvendig å rydde skog og åpne landskapet. Vi tenkte å sette ut vill sau for å gjenskape det opprinnelige



Storøyen 1951



Storøyen 2009

kulturlandskapet slik det var den gang det fremdeles var drift på øyen. Etter å ha konsultert med kulturlandskapsekspert (selvsagt også medlemmer i laget) fant vi det riktig i stedet å bruke geiter. Kystlaget tok kontakt med landbrukskontoret i kommunen og mattilsynet. Etter kort tid var alle tillatelser ordnet og laget kjøpet inn ti kastrerte kashmirbukker i juni 2011. Disse ble fraktet ut til øyen i Sognejakten og Bergen Kystlags prosjekt beiterydding og kulturlandskap var i gang.

Ideen vår er å bruke geitene til å retablere øyens kulturlandskap slik det var den gang gården på øyen ble drevet. Kystlandskapet i Norge gror igjen og dette landskapet er i essens en viktig del av vår kystkultur. I Bergen kystlag så vi dette som en naturlig forlengelse av vårt arbeid for og formidling av kystkulturen. Samtidig som at geitene skulle gjøre sin jobb, skulle vi gjøre vår. Kjedesager, grenklippere og annet skogsutstyr ble kjøpt inn. De første månedene flyktet geitene da vi satte i gang å arbeide, men ganske snart lærte de at lyden av kjedesager betød saftige grener og blader servert direkte på bakken. Av og til så er geitene blitt for nærgående

og vi må jage dem slik at de ikke treffes av fallende trær. I utgangspunktet var geitene bare et middel til å nå vårt mål om å gjenskape landskapet. Det viste seg imidlertid ganske snart at de ti bukkene ble kjendiser i lokalmiljøet. Mange beboere i Eidsvåg ble nysgjerrige på de hvite prikkene de så mellom trærne ute på øyen og de dro ut for å se. Geitene ble populære spesielt blant barna og øyen ble igjen et yndet mål for barnefamilier på tur. Det hjelper også at øyen ganske fort er blitt et mye mer attraktivt reisemål ettersom busker og kratt er forsvunnet i kjeften på geitene og av motorsagene i våre hender.

Da det nærmet seg vinter i fjor fikk vi hastverk med å lage et



vinterskjul for geitene. Valget falt på en av de mange ruinene etter den tyske tilstede-værelsen på øyen under krigen. Kjelleren i ruinene fikk nytt torvtak mens veggene ble kledd med brake. Geiteskjulet viste seg å bli et populært sted i regnvær og vi må ukentlig spa ut møkk. Veldig fort lærte geitene seg lyden av båtene våre, det var seg en Sabb eller en Brunvoll, og kom springende når vi nærmet oss øyen. En stund så fant de ut at den beste utsikten hadde de fra taket til båtskuret. Her lå de og gumlet mens de øyensynlig diskuterte båtene som trafikkerte Byfjorden. Bekymrede meldinger kom fra naboen på land som var redd for at de skulle falle ned fra taket.

Vi var klar over at geiter var koselige og ”ålreite” dyr, men at de skulle ha så forskjellig personlighet var en overraskelse for oss alle. Geit nr 6 utmerket seg fort. Denne var helt klart den mest folkekjære av de alle. Denne har fått navnet Alf A. og var den første av geitene som stilte seg opp for å få kos. Den liker godt å bli klødd bak øret. Obama er den sorte. Alle navnene er det barn som har

besøkt geitene som har gitt dem. Obama var først litt skeptisk. Nå er han en utfordrer til lederen og gjør seg mer gjeldende i flokken. Obama liker å slikke fingre, men er ikke så glad i å bli klødd. Elvis har fått navnet sitt av det lange panneluggen som faller ned i øynene. Elvis fikk i vår utslett på beina. Det viste seg å være en form for allergi. Vi måtte da vurdere om Elvis led og om vi i tilfelle måtte avlive. Vi besøkte og behandlet Elvis daglig i flere uker i sommer. Heldigvis ble han bedre ettersom vi klarte å behandle sårene med gamle kjerringråd. Utsledden er nå grodd men episoden ga oss en støkk og minnet oss om alvoret med å ha ansvar for dyr.

Planene våre for øyen framover er å bygge opp kystkulturell aktivitet på øyen. Vi overtar til våren sammen med seilforeningen hver vår del av det fremste av båtskurene. På vår halvdeldel så ser vi for oss at det lages et verksted og slik at vi kan bygge grindabygg og restaurere båter her. En smie skal settes opp ute og kaianlegget skal restaureres. Kystlaget har allerede overtatt

det gamle verkstedshuset og her har vi mulighet til både en varmestue og en fremtidig overnatningsplass.

Seilforeningen skal restaurere det gamle våningshuset. Sammen med seilforeningen vil kystlaget utforme en plan for øyen som vil være retningsgivende for vår aktivitet her.

I utgangspunktet var beiteryddingsprosjektet ment å vare i 3 år. Vi ser nå at det vil ta lengre tid. Etterhvert som trærne forsvinner og øyens kulturlandskap vender tilbake med grashei og litt lyng vil geiter vil ikke være de rette dyrene for å vedlikeholde og opprettholde landskapet. De foretrekker vedaktige planter og det vil det ikke være nok av når trærne er vekk. Et par utegangersau og kanskje en liten vestlandsku vil kunne holde beitene ved like. En ting synes klart, dyreholdet er kommet tilbake på øyen og slik skal det være for all fremtid hvis det er opp til Bergen Kystlag.

Jonatan og Knut Krzywinski
Bergen kystlag



Om freden som senker seg over Sandviksboder Kystkultursenter

Under overskrifta «Bergen Kystlag og Kystkultursenteret i Bergens Tidende 27. september 2012 les eg at «Bergen kystlag anser seg selv som uunnværlige riddere av den eneste sanne kystkultur. Det er de ikke. Ingen merker lenger at de er borte fra senteret.»

Formuleringane er signerte Egil Sunde, dagleg leiar Sandviksboder Kystkultursenter og Veslemøy Gullachsen, styreleiar Sanviksboder Kystkultursenter.

I same innlegg heiter det og at «freden senker seg og tiltakslysten brer seg». I vanleg språkbruk betyr «freden senker seg» stille, ro og gløymsle. Den tiltenkte assosiasjonen, «virketrong etter krig» ligg ikkje like nær for alle lesarar.

Gleda over utkastinga av Bergen Kystlag Feiring etter gjennomført skadeverk er berre trist. Utkastinga Bergen Kystlag, med fleire medlemmer enn summen av alle andre som held til i Sandviksboder Kystkultursenter, har tydelegvis samla styret. Som Pyrrhossiger og fadermord kombinert skaper dette historie: Utan Bergen Kystlag hadde ikkje Sandviksboder Kystkultursenter blitt til.

Nederlag for begge partar
Friviljug engasjement er tungt å mobilisera, men lett å riva ned. Samarbeid med friviljuge organisasjonar kan vera krevjande. I slike samlingar er det inga løn eller lojalitet til arbeids-gjevar som disciplinerer. Det burde ikkje vera ukjent at ein i friviljuge organisasjonar gjerne blir usamd både med seg

sjølv og andre. For ein dagleg leiar i Sandviksboder Kystkultursenter må derfor evne til samarbeid vera overordna evna til å fjerna den ein er usamd med. Utkastinga er eit nederlag for begge partar i ein konflikt der berre den eine part hadde makt til å vinna fram.

Verdien av friviljug innsats

Utkastinga av Bergen Kystlag er i strid med grunntanken bak opprettinga av Sandviksboder Kystkultursenter og svekkjer grunnlaget for framtidig aktivitet. Eit krafttak for å visa at ein ikkje treng dei frivillige som er fjerna, nyttar lite. Effekten av at mange med interesse for kystkultur ikkje lenger kjenner seg velkomne i Sandviksboder

Kystkultursenter, vil visa seg over tid. Det er vanskeleg å tenkja seg grunngjevingar som kan rettferdiggjera utkastinga. Om slike finnест i skriftleg form, må dei hentast fram og presenterast for ålmenta. Det er vanskeleg å tenkja seg at Bergen Kommune ikkje ønskjer å dra nytte av innsats driven av interesse heller enn av timeløn. Det kan sjå ut som om eskalerande binding til retninga mot utkasting har gjort styret i Sandviksboder Kystkultursenter blinde for andre løysingar, løysingar som både økonomisk og på andre måtar hadde vore meir tenlege for Bergen Kommune.

Friviljug innsats og dei politiske partia

Stort sett alle politiske parti er positive til friviljuge organisasjonar. Slike organisasjonar er gjerne politisk mobiliserande og kan danne inngangen til politisk innsats.

For Arbeiderpartiet kjem holdninga eksplisitt til uttrykk i Partiprogrammets punkt 6: «Frivilligheten har en evne til å mobilisere dugnadsinnsats og til å omstille seg raskt. Derfor gir et godt samspill mellom frivillig og offentlig sektor bedre muligheter til å nå våre mål. Arbeiderpartiet vil derfor legge forholdene bedre til rette for den frivillige innsatsen».

Endringa i momskompensa-sjon for friviljuge organisasjonar er eit nyleg uttrykk for at noverande regjering vurderer verdien av friviljug innsats høgt. Opposisjonen har ikkje uttrykt andre vurd-eringar. Styret i Sandviksboder Kystkultursenter vurderer dette på sin måte.

Som tidlegare styremedlem i tidlegare Stiftelsen Sandviksboder Kystkultursenter og Fellesenheten i Sanviksboder Kystkultursenter, begge stader som representant for Bergen Kystlag, blir eg litt trist av utsegn av typen «Ingen merker lenger at de er borte frå senteret».

For kven er «ingen»?

Olav A. Kvistad



Gurine

Det er snart 140 år sidan jakta Gurine var bygd i Skålafjero. I dag står ho etter i Rosendal nokre hundre meter frå der ho vart bygd av Knut j. Skåla – Jøraknuten – i 1874/75.

Det er godt å sjå ei skute på bedding og høyra dei gode lydane av arbeidet med eit treskrog. Unge og gamle i bygda gler seg over at det gamle handverket som har hatt så mykje å sei for bygda er vakna til liv att. Og mange er klar til å ta i eit tak. Gurine ser ut til å bli eit lærerikt og spennande prosjekt. Om ein ikkje vert utlærd skipstømmermann får vi innsyn i det gamle handverket og respekt for det gamlekarane fekk til med enkle midlar.

27. mai 2012 kasta Gurine laus fortøyningane ved Neuman kaien i Sandviken i Bergen og sette kurset for Rosendal. Slepa av M/K Vårsol. Men før dette hadde mangt skjedd. Kari og Georg Gundersen hadde i det lengste vona at Bergen Kystkultur-senter ville overta Gurine. Men dette skjedde ikkje. Dei kontakta då Rosendal om dei ville ha ei skute. Der hadde dei ønske om å få Gjøa til bygda. Dette vart avslunge. Og då var Gurine eit godt alternativ.

Kultursjefen kom på banen. Og eit ope møte i Rosendal slo fast at interessa var stor og reell.

Det vart synfaring og forhandlingar. Tida vart knapp då Gurine skulle bort frå Sandviken 1. mai. Interesse-laget galeas Gurine vart stifta i april. Det kom pengar frå kommune og private sponsorar så skuta kunne løysast ut og slepast heim.

Nedrigging og landsetjing
Sommaren 2012 vart brukt til klargjering for landsetjing. Skuta låg 50 m frå der ho var bygd sentralt i Rosendal, og mange var vart fortalde kor håplaust dette tiltaket var. Men der kom og



Foto: Bjarne Øymyr

positive signal. Dugnadsviljen var i allefall stor og skuta vart letta for rigg, ballast, maskin og innredning. Og i september var ho klar for landsetjing. Dei fyrste planane var å ha henne i nærleiken der ho var bygd. Men så fekk vi hand om ein kommunal strandtomt som var heilt ideell.

Her vart bygd slipp og så vart ho landsett. Med 4skoren weiertalje og to store gravemaskinar. Det mangla heller ikkje tilskodarar.

Haust og vinter gjekk med til tak og arbeidsskur og kvilebu. Sponsormidlar gjorde oss i stand til å kjøpa inn hud- og dekksplank frå Herandsaga. Dugnadsgjengen hogg krokved på Eidsvikøya. Den vart skoren på ei oppgangssag frå 1855 i Kalvsund.

Tilstand?

Skuta bar preg av forfall og alle var klar over at det var ein stor jobb. Men målet er ei sjødyktig skute og difor måtte ein gå grundig til verks. Etter spyling og oppturking fekk ein betre oversyn. Midtskipet under vannlinja var bra både spant og hud. Men akterskips og framme står det dårlig til. Hud over vannlinja og alt dekk må skiftast. Framdriftsplanen ser slik ut:

- 2012 Oppturking og material
- 2012-14 Skrog og dekk
- 2015 Maskin og innreiing
- 2016 Sjøsetjing og rigging

Økonomi og organisering

Styret jobbar heile tida mot sponsorar og midler ein kan sjøka om. Det har gjeve gode resultat

så alt innkjøpt er betalt. Eit årsverk til byggeleiari er innvilga og laget har midler til neste års drift. Elles har bedrifter og einskildpersonar hjelpt gratis til med varer og tjenerster. Det meste av maskinar og utstyr vi treng er på plass.

Dugnadsgjengen har stått på og vi nærmer oss 4000 dugnadstimar. Det er to faste dugnadsdagar i veka. Men ellers kan ein ta i eit tak når det høver. Det heile er ei sosial greie og trivsel og samver er høgt prioritert. Ein skuleklasse er adoptert og kjem på jevnlig besøk og bebuarar på Rosendaltunet føl med på det som skjer nede i fjøra.

Arbeidsleing

Det store problemet vårt var å få ein kyndig person som kunne leia arbeidet. Dette løyste seg på ein framifrå måte i haust. Kristian Djupevåg frå Tørrvikbygd tok på seg leiinga og då var alle suter borte. Han veit kva ein skal gjera og korleis det skal gjerast. Då er det trygt og godt for dugnadsfolket og arbeidet går planmessig fram. Dei fyrste spantetoppene er alt på plass.

Bli med!

Laget sel aksjar á kr 1.000,-. Det er høve å vera støttemedlem. Det er ingen opptakskrav for å bli med på dugnad. Vi har det skikkeleg sosialt og moro. Skulle du ha hug å sjå på prosjektet så ta kontakt så skal de få omvisning. Du finn oss og på internett. www.gurine.no

Knut E. Skåla

Indre Sogn kystlag

**Den 16.11.2012 markeres
10 årsjubileumet i lokal-
laget.**

Grindbygget ble vårt første store prosjekt. Grindbygget ble bygget opp fire ganger før det endelig fikk havn på tomtene i Amlabukten i Kaupanger.

Våren 2004 hadde vi et kurs i bygging av grindbygg - 8 gode gamle medlemmer var med og bygget grindbygget. Sommeren 2004 vart grindbygget på nytt satt sammen da vi deltok med grindbygget på stand på den Internasjonale båtfestivalen i Brest i Frankrike. Etter festivalen i Brest gjekk reisen direkte til Sandefjord for å delta med grindbygget på Forbundet KYSTEN sitt landsstemne i slutten av juli 2004.

I oktober 2004 stod vi endelig på plass med grindbygget på tomten i Kaupanger.

Indre Sogn Kystlag skal markere 10 årsjubileumet sammen med lederen i Forbundet Kysten Arne Andreassen, som kommer for å fortelle om prosjektet Adopter et kystkulturminne. Vi har valgt å sette fokus på prosjekt Sognebåten i 2013 og 2014.

Æringen, færingen, seksæringen og åttringen fra Sogn, har vært i lokallaget sine interesser fra begynnelsen, både med hensyn til bevaring,

bygging og bruken av båten i fortid og til framtidig



Foto: Marny Tønnesen.

opplæring og bruken av båtene i moderne tid.



Grindbygget september 2012.
Foto: Marny Tønnesen.



Foto: Marny Tønnesen.



Foto: Marny Tønnesen.

Austevoll Kyst- og Sogelag

Her er båtane på land etter ein varierande segsommertur. Nokre fiine turar ut fra Bekkjarvik har det no vore. Hadde ein kystdag ved Møllo i Vinnesvågen i juni. Fint ver med roing, segling, padling, bading og sjølvsagt lappa og kaffi.

Var og med på ei lagsmesse i AustevollHallen i oktober.

Planlegg å ha kurs i knytting av matter i vinter.



I år var me 20 år, og dette tenkte me å markera i forbindelse med Årsmøtet. Kjekt å mimra litt over svunne dagar.

Ser fram til Norheimsund neste sommer.

Svein Midtøv

Soga om dorryane til DS "UTRØST", H 20 FA, 2. bokjen.

Fylg med, fylg med! Klarer gutane frå Opsangervågen veteranbåtlag å hente heim fleire av notbåtane til "Utrøst" i år, tru?

I august bar det i norderveg igjen med MK Vaarsol. I mellomtida hadde vi fått telefon frå Johs Bjelkerøy. Han spurte om vi ville overta den nyaste av dorryane også. Det var den som løyste av rodorryen som var omtala i Åreblad i fjor. Og det takka vi sjølsagt ja til.

Den vart bygd om til turbåt på 70-talet, men har framleis ein 4 cylinder Marna bensinar i motorkassen.

Med god hjelp av Johs og traktoren samt medbrakte renner, slisker og jernbanejekkar kom dorryane på sjøen. Men dei var mykje tyngre enn rodorryen som vart henta ifjor. Men etter mykje slit og litt bannskap gjekk det bra denne gongen også.

Loddebåten drog vi inn på dekket til slutt. Den er frå 1953 og skal vera den første som Askvik bygde i aluminium.

Heimturen gjekk utan problemer i godt augustver. No er båtane kome på land og bygging av tak over dei kan starta. Så får vi sjå kor mange av dei som kjem på sjøen til neste sommar. Fartøyvernet er ikkje noko latmannsliv, nei!



Bjørn Egil, Jon Olav og Einar.



Og flaut gjorde dei, med litt hjelp.



Loddebåten fekk vera dekkslast.



Under slep på heimvegen.



Og så er dei på land igjen.

PS. Til slutt vil vi nemna at rodorryen fekk pris på Båtfestivalen i Norheimsund i juni. Det var KJEKT og ei god hjelp til å fortsetja arbeidet.

Med fartøyvenleg helsing
Edvin Hammerø

Nordisk kystkulturstevne i Ebeltoft 2012

Det andre Nordiske kystkulturstevnet ble holdt 11.-15.juli i Ebeltoft i sommer. Et samarbeid mellom de Nordiske land som startet i 2009 med initiativ fra den islandske fyrførening ved Sigurbjørg Arnadottir

www.vitafelagid.com.

Det første treffet var på Island sommeren 2011 i Husavik på Nord-Østlandet.

Danmark ville i år prøve å samle flere danske foreninger som arrangør av stevnet som alle driver med historieformidling, fritidsaktiviteter og kystkulturbearing. Dette ble en realitet og mange mente det var en stor bragd under en oppsummering nå i etterkant. Museet rundt Fregatten Jylland, Landsforeningen kystkultur, den danske treskips sammenslutning TS, Dansk forening for eldre lystfartøyer, Lystbåtseilerne, Nasjonalpark Mols Bjerge og Foreningen Aalekvasen Rigmor var alle med i arrangementet.

Det folkelige og minst mulig kommersielle, var viktige mål for Danmark sin ansvarsperson Poul Erik Clausen. Aktiviteter for barnefamilier var prioritert og turer på fjorden ble stadig annonseret for seiling, roing og fisking. En kunne også ta med seg medbrakt mat og drikke til grillene ved kaien, noe som ble tatt godt imot av båtdeltakerne og familier som var på besøk.

Seminar over to dager var kombinert med besøk på stand

der håndverk og annet ble vist. Denne sammenslåingen av forelesning og aktivitet er en modell det nordiske nettverk vil satse på ved de årlige treffene. Seminarprogrammet i Ebeltoft:

<http://www.smallshiprace.dk/seminar---dansk-kystkultur>

En festival der til dels ukjente personer skal samles om én plattform har sine utfordringer da en skal stake ut kurset for første gang. Dette viste seg f. eks i mangelen av informasjon i forkant. Det tok noe tid før struktur og mål kom på plass og en visste også for sent hva en kunne formidle ut til de andre nordiske land.

Ansvarsgruppen som i dag har deltakere fra Island, Danmark og Norge tar med seg viktige erfaringer fra disse sommertreffene i 2011 og 2012. Nå vil en fokusere på de gode bånd som er knyttet og utvikle nettverket videre med arrangement i alle Nordiske land.

Norge v/ Forbundet KYSTEN hadde i sine opprinnelige planer fra 2009, å seile innom Ebeltoft med BREST 2012 flåten på vei til Frankrike. Da danskene måtte endre sin stevnedato ble det laget en reserveløsning på kort varsel. Her stilte Hordaland trofast opp sammen med dampskipet BØRØYSUND som tidlig meldte seg på dette stevnet. Jan Steinsland assistert av Gunn Jorunn Steinsland viste Lindebastbinding.

Oselvarverkstaden v daglig leder Åsmund Lien og båtbygger Maik Riebort holdt foredrag sammen med aktivitet på stand. DS Børøysund ble dessverre liggende værfast i Sverige og



Maik Riebort høvler årer.



Gunn Jorun Steinsland lager lindebasttau.



Ingunn Vardøy, Roger Sangolt og Jan Steinsland



Anita Andreassen takker arrangørene for flott stevne.

kom ikke til Ebeltoft, men styrmann Eivind Lande gjennomførte sitt planlagte foredrag om fartøyvern i Norge og presentasjon av Den Norske Veteranskibsklubb. I tillegg hadde undertegnede

informasjonsstand om Forbundet KYSTEN og Kystled Sør.

Det som driver ansvarsgruppen i dette arbeidet, er tanken om å samles om vår felles kulturarv og samtidig sette lys på fremtidige samarbeidsprosjekt som har med vår kysthistorie å gjøre. Vi ønsker å trekke en lang linje som viser både fortiden og dagens kystkultur. Vi ønsker å vise godt håndverk, musikk, mat, litteratur og videre seminarer med foredrag kombinert med aktivitet som har dagsaktuelle tema for dem som bor tett ved kysten. Se info fra seminar i Ebeltoft.

I 2013 er planen å holde en generalforsamling for dette arbeidet der det formelt skal stiftes et nettverk. Det er skrevet en foreløpig intsjonsavtale med initiativ fra FK, der Formålet blant mange punkter er; at Nordisk Kystkultur (NKK) er et samarbeid bestående av frivillige organisasjoner, museer og stiftelser som arbeider med kystkultur og maritimt kulturminnevern. Videre er det foreslått noen styringsprinsipper der NKK styres av en arbeidsgruppe bestående av representanter fra hver deltagende organisasjon og en ansvarsgruppe valgt av arbeidsgruppen.

Festival/stevneplan videre er Karlskrona i 2013, Oslo 2014, Åland 2015, Færøyene 2016, Finland 2017, Grønland 2018, Island 2019. Følg med videre på FB siden Nordisk kustkultur og www.nordiskkustkultur.net Norge sine representanter i dette arbeidet er Marte B Gloslie landsstyremedlem F KYSTEN og undertegnede Anita Andreassen (tidligere landsstyremedlem). De begge sitter i arbeidsgruppen for dette nettverket der alle 8 land skal være representert. I tillegg sitter undertegnede i den Nordiske ansvarsgruppen sammen med Island, Sverige og Danmark.

Anita Andreassen nov 2012

Set av 8. juni – då vert det *Torgdagen i Bergen 2013*

Torgdagen 2012 var ein stor suksess, og det var ei glede å endeleg vera attende på Fisketorget. Det var eit yrande folkeliv med mange veteranbåtar i Vågen.

Styret for Torgdagen i Bergen har på dugnad sidan 1977 gjort det mogeleg for Torgdagen å bli ein arena for den frivillige kystkultur-utøvinga.

Torgdagen i Bergen sitt formål er å gjennomføre Torgdagen i samarbeid med kystlag og andre organisasjoner, å ivareta gamle handeltradisjonar, å medverke til utvikling av kystkulturen i Bergen og omland. Festdagen er gratis og gjer kultur tilgjengelig for alle 8.6.2013 på Torget i Bergen.

Torgdagen, festdag for kystkulturen, ein dag for fellesskap og samhald for kystkulturinteresserte både i

by og land. For kystlaga er det også ein arena der det er mulig til å rekruttera nye medlemmar, eller å auka inntekta si gjennom sal av ymse mat eller varer.

Det er eit stort ønske for styret at vi får fleire kystlag til å delta aktivt på kommande

Torgdagen i åra framover. I styret sit no Sigrid-Marthe Kleppevik, Svein Tore Solsvik, Terje Inderhaug, Lena Eikeland Kutschera, Trond Berntsen, og Nils Harald Lie.

Følg oss på:
www.torgdagenibergen.com



Hordakyststemnet 2013 vert 14. til 16 juni i Norheimsund

Hardangerfjorden kystlag/ Hardanger Fartøyvern-senter har søkt om og fått tildelt å arrangere Horda-kyststemnet i 2013.
Stemnet vert halde parallelt med Trebåtfestivalen og Hardingtonar.

22. september møtte styret i HFKL med representant fra Hardangerfjorden kystlag/Fartøyvern-senteret, og vart blant anna enige om at:

- Det må skapast rom for sosialt samvær for medlemmene samstundes som andre festivaldeltakarar skal inkluderast. Det er ynskjeleg at Hardangerfjord Kystlag er vertskap for felles festmiddag for kystlaga laurdag.

- Ha aktivitetar for alle, menn, kvinner og barn som for eksempel, krotakakebaking, behandling av ull, lokal mat, skipsmat, sider, øl, tau-trekking. Dersom det let seg gjere også gudsteneste søndagen.

- Hordakystlaget kan leige eit 6 x 8m telt av Tysnes kystlag. Dette skal ha ein sentral gratis plass på festivalområdet og skal profilere kystlaga i Hordaland, fylkeskystlaget og Forbundet Kysten. Det er og aktuelt å setje opp fylkeskystlaget sitt grindabygg.

- Kvart lokallag blir oppfordra å stille med eigen aktivitet på standen. For eksempel barking av segl, notkast, båtmotorar, årehøvling og arbeid med lindebasttau.

- Roaktivitet og profilering av Kystleia i Hardanger er



Skøyter i rekke og rad på Hardanger Trebåtfestival. Foto: Thommas Anmarksrud.

ynskjeleg. Arrangere kapp-roing på sundet. også mogeleg å få til.

- Forslag om øya Sild som oppsamlingshamn og utgangspunkt for regatta på veg inn fjorden fredag. Mulighet for å få sjøsett mindre båtar frå land

for dei som kjem landevegen, og har båtar på tilhengar.

- Som vanleg aldri eit Hordakysttemne utan loddsalg med fine gevinstar frå lokallaga.

Me håpar at mange finn leia eller vegen til Norheimsund denne helga i juni 2013!



Robåtar ved Sandvenholmen i Norheimsund. Foto Jonas Eian.

Sunde kyst-og litteratursenter

Kvinnherad kommune har kjøpt og sikra Bergslagen på Sunde,- tidlegare båtbyggeriet til Andor Tveit, som truleg er ein av dei siste autentiske vervaplassene igjen i Hordaland. Målet er å skapa ein møteplass for kystkultur og kystlitteratur. Sunnhordlandsforfattarane står i fokus, og senteret vil kobla fartybyggjaren, lesaren og forfattaren, og føra saman litteratur, farty og gjenstandar. Det er ei spanande tid, med mange møter og mykje arbeid for styret og ein aktiv dugnadsgjeng. Det er arbeid på huset, kaien, hallen og uteområdet. Vil du vera med på dugnad er det frammøte kvar onsdag kl. 17.00.

Det har vore fleire tilskipingar både under Kvinnherad kulturfestival i februar og under kystsoge-vegene i september. No er det kulturfestivalen 9.februar som er under planlegging. Sjå biletserie og vidare program på ven.bergslagen.no.

Arrangere kurs i kystlaget?

Studieforbundet vårt har lengst skifta navn frå Folkekulturforbundet til Studieforbundet Kultur og Tradisjon. For informasjon om studieplanar, innmelding av kurs, statistikk over avheldte kurs osb, sjå nettsida:
www.kulturogtradison.no.



Kurs i reparasjoner og vedlikehold av trebåter

Arrangør: Bergen kystlag og Hordamuséet

Kursleder: Båtbygger Hallgeir Bjørnevik

Sted: Hordamuseet

Tid: 4 torsdager i januar 2013, første gang torsdag 10., siste gang torsdag 31. januar fra kl. 1800 til 2100.

Kurset vil bl.a. bestå i:

Ulike typer reparasjoner, bl.a. skifting av bord i skrog, utbedring av dekk. Laging av årer.

Er du medlem av et kystlag er kursavgiften kr. 500.-, for andre er avgiften satt til kr. 1000.-. For institusjoner med flere deltakere blir avgiftene kr. 1000.- for én person og kr. 500.- for de andre.

Påmelding innen 15. desember 2012 til: Vilhelm Bjerknes, tlf. 456 18 208, e-post: bjerknes.v@gmail.com

Vær tidlig ute! Det blir antalbsbegrensning!

På flyttefot?

Husk å sende melding om ny adresse til mona@kysten.no eller ring Forbundet KYSTEN på tlf 22 42 42 82.

Så får du Åreblad og Kysten-blad etter at du har flyttet også!


Planlegging av fagdagar våren 2013!

I skrivande stund er det under planlegging kystkulturelle fagdagar for kystlag våren 2013. Dersom alt går etter planen vert det heldt på Hordamuseet i april.

Den nye båthallen ved museet skal vere ferdigstilt til dess, og denne ser me fram til å gjesta! Forbundet Kysten håpar me også skal få plass i kalendaren å vere tilstades på ein slik dag.

Då vert det halde workshops om det å halde kurs, om "Adopter et kulturminne" - korleis går ein fram her og om "Omdømekampanjen" - kva innebær det for oss.

Meir informasjon kjem etter kvart - dette vert igjen ein fin anledning for kystfolket å samlast!





ÅREBLAD

Organ for Hordaland
Fylkeskystlag og lokallaga i
Hordaland av Forbundet Kysten

HORDALAND

FYLKESKYSTLAG

Leiar: Ingunn Vardøy, Hope
trebåtlag. Pb 85, 5371 Skogsvåg.
sangvard@online.no - 971 10 288

Nestleiar: Camilla Blikstad,
Bergen kystlag. Flatøyvegen 222,
5918 Frekhaug.
camilla.blikstad@gmail.com - 932
55 783

Styremedlemmer:

Helene Ohm, Kystlaget Romsa.
5582 Ølensvåg.
helene.ohm@c2i.net - 913 02 123
Jonatan Krzywinski, Bergen
kystlag. Sydneskleiven 21 A, 5010
Bergen -
jonatankrzywinski@gmail.com -
413 38 726
Hallgeir Forstrønen Bjørnevik,
Bergen kystlag. Lekvenmarka 10,
5200 Os - hallgebj@hotmail.com -
930 23 267
Eirik Ådnanes, Bømlo kystlag.
5437 Finnås.
eirik.aadnanes@online.no - 900 15
016
Jon Blytt, Sveio kystlag.
Kjosanesvegen 137, 5554 Valevåg
- lotte36@online.no - 970 28 177

Varamedlemmer:

Solveig Brekke, Bergen kystlag,
Ibsensgt 56, 5053 Bergen -
sobrekk@online.no - 936 64 874
Gunn Jorunn Steinsland,
Kvinnherad kystlag, Furenesvegen
34, 5450 Sunde i Sunnhordland -
473 81 495
Leif Dagnund Øvrevåge, Tysnes
kystlag, Øvrevåge, 5693 Årbakka -
leif_ovrevage@hotmail.com - 906
20 668

Valnemd:

Målfrid Almås, Sagvågen kystlag.
Grunnavågsvegen 24, 5410
Sagvåg.
molfridalmos@hotmail.no - 970
81 269

Rune Lavik, Hope trebåtlag. 5382
Skogsvåg. lavik@mac.com - 918
33 677

Kasserer: Helene Ohm, Kystlaget
Romsa

Revisor: Olav Kvistastein, Bergen
kystlag

Lokallaga:

Askøy kystlag, Pb 94, 5318
Strusshamn. Leiar: Aksel Monsen,
mu09@online.no - 56145646 /
90796698

Austevoll kyst- og sogelag, 5392
Storebø. Leiar: Svein Midtøy,
smidtøy@frisurf.no 56185588 /
950 86 856

Bergen kystlag, Pb 37,
Måseskjæret, 5035 Bergen. Leiar:
Tom Backer Johnsen
bergen.kystlag@gmail.com

Bømlo kystlag, Mæland 206 D,
5430 Bremnes. Leiar Sveinung
Sønstabø,
kystlagetbomlo@gmail.com
97059032

Fjell kystlag, Espedalen 22, 5360
Kolltveit. Leiar: Torgeir Evjen,
torgeir.evjen@vtt.no - 56331294 /
913 80 681

Hardangerfjorden kystlag,
Pb 45, 5600 Norheimsund. Leiar:
Geirmund Storaas,
info@trebaat.no - 414 42 795

Hope Trebåtlag, Helleveien, 5382
Skogsvåg. Leiar: Heine Sangolt,
siren.sangolt@domstol.no - 928 93
572

Holsnøy kystlag, Kaarbøvågen,
5917 Rossland. Leiar: Jegvan
Kaarbøe, jegvan@kaarboe.no -
911 48 103

Keipane Kystlag, Ytre Sæbø,
5938 Sæbøvågen. Leiar: Evy B.
Dame, evydame@broadpark.no -
55227825 / 97423267

Kvinnherad kystlag, Furnesvegen
34, 5450 Sunde i Sunnhordland,
jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no - 53471536 /
41682172

Kystlaget Romsa, Pb 20, 5588
Ølen. Leiar: Terje Lunde,
terje@omega.no - 98286812

Sagvågen kystlag, Pb 1047, 5408
Sagvåg. Leiar: Terje Lamo,
lamo@nettland.com - 905 66 101

Sund kystlag, Pb 119, 5373
Klokkarvik. Leiar: Johannes Lidal,
johannes@lykkebu.com, 5633
9565

Sveio kystlag, Strømøy, 5554
Valevåg. Leiar: Terje Lier,
terje.lier@norseagroup.com,
53742331 / 90837477

Tysnes kystlag, 5694 Onarheim.
Leiar: Leif Dagnund Øvrevåge -
leif_ovrevage@hotmail.com - 906
20 668

Opsangervågen Veteranbåtlag,
Sundsv.10, 5450 Sunde. Leiar:
Halvard Hammerø,
ehammero@online.no - 950 36
557
**LOKALLAG I SOGN OG
FJORDANE:**
Indre Sogn Kystlag, Pb 62, 6852
Sogndal. Leiar: Marny Tønnesen -
marny.tonnesen@barlinn.no - 970
30 828

Kystlaget Hornelen, Gloppestad,
6823 Sandane. Leiar: Svein Ove
Ask - uredd@online.no -
57867122 / 90040377

**LAG TILKNYTT FORBUNDET
KYSTEN:**
Trellevik båtlag, Trellevik
kystkultursenter.
Leiar: Øystein Trellevik, 5397
Steinsland -
oystein.trellevik@bkkfiber.no -
920 35 874